



Karianne kan meir enn å klippa folk, ho kan også syngja og spela revy. Men her trenar ho på sjefen sin, Klara Bakke, som også er sjef for Aktivitetshusets Damevenner. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei som kjem til Uskedalen i påska vil få sjansen til å svinga seg skikkeleg både her og der, det vil seia både på Dønhaug Gjestegard og i Aktivitetshuset.

Magne Huglen på Dønhaug går sterkt ut fredag før palmesøndag. Vassendgutane er utruleg populære og dei 600 bilettane som Huglen har lov til å selja når han bed inn til låvedansar vart borte på to dagar!

- Det hadde nok gått unna 2.000 billetter hvis eg hadde hatt kapasitet til det, seier han til uskedalen.no. Med dette arrangementet får han ein sesongopning som lovar svært mykje.


Onsdag i påskeveka blir det dans på Aktivitetshuset i damevennene sin regi. Dette er ein tradisjon som starta med at huset vart opna. Venneleiar Klara Bakke opplyser til uskedalen.no at det er frisørlæringsen hennar, Karianne Solheim (25), som skal vera vokalist med bandet Secret Mood. Karianne er både songar og revykjendis og ho er kjent frå tidlegare dansar med "Secret Mood" i Aktivitetshuset. Faktisk var det der Klara "oppdaga" henne første gongen, noko som altså i neste runde førte til at ho no i vinter vart lærling i salongen. Klara har no søkt kommunen om å få nytta det ambulerande skjenkeløyyvet frå klokka 20 til 01 og har oppgjeve talet 170 i rubrikken for "forventa tal på personar".

Av Ola Matti Mathisen

Vel møtt til nye og gamle medlemmer!
Turnegruppen

Ring 02
for informasjon
med oss
på
www.uskedal.no

VASSENDGUTANE

LÅVEDANS
DØNHAUGLÅVEN (USKEDALEN)
FREDAG 30. MARS KL 20.00

FØREHANDSSAL: TEXACO OG SPAR USKEDALEN/HERØYSUND/
STATOIL. HUSNES FRÅ MAND. 5. MARS (IKKJE FØREHANDSTING.)
ALDERSGRENSE 20 ÅR ALLE RETTAR!! CC KR 300,-
NB!! BUSSAR UTOVER OG INNOVER ETTER DANSEN
NB!! INNGANGS PORTEN BLIR STENGD KL. 23.00

19.no
4 90

Vassendgutane er utruleg populære. No kjem dei til Dønhaug.